



## Statens vegvesen

JOSTEIN HELGESEN HELLESTVEIT  
MONGSTADVEGEN 667  
5955 LINDÅS

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
18/146647-4

Dykkar referanse:

Vår dato:  
14.11.2018

### Tilbakemelding – Fv. 57 – Gnr. 122 bnr. 2 – Lindås kommune

Vi viser til vårt brev datert 09.10.2018 og vidare korrespondanse. Vi har bedt om ny søknad av tiltaket. Bakgrunnen for dette er at saka er for dårleg opplyst til at vi kan ta stilling til søknaden.

Tiltaket ligg innanfor byggjegrænse langs veg og innanfor planområdet for ny reguleringsplan som er under utarbeiding, *Fv. 57 med gang- og sykkelveg Lindås tettstad – Mongstad*. Denne planen er for tida på høyring.

Byggjegrænse langs veg skal ivareta trafikktryggleiken, vegvedlikehaldet og drift av vegnettet, arealbehov ved ei eventuell utviding av vegen, og miljøet langs vegen. Statens vegvesen har behov for ein meir detaljert søknad av tiltaket for å vurdere tiltaket opp mot føremåla som byggjegrænse skal ta i vare, og det pågåande planarbeidet. Vi har og forståing at det er dialog mot vår ressursavdeling om dette.

Før vi kan ta stilling til søknaden ber vi om at det vert sendt plan og profildeikningar som syner tydeleg korleis tiltaket er utforma og avgrensa mot fylkesvegen. Teikningane må vise relevant informasjon som tverrsnitt, koter og avstand frå vegen. Vi har og behov for å vite kva type massar som er planlagt deponert mot fylkesvegen og korleis eventuell drenering av planeringsområdet vert løyst.

Krav til utforming av avkøyrsla vert sett etter fartsgrense, forventa bruk av avkøyrsla og dimensjonerande køyretøy. Det vil seie at du må opplyse om drifta og driftsperioden.

Dersom det allereie er utarbeidd ein detaljert søknad til kommunen, kan det vere tilstrekkeleg å sende inn denne. Viss ikkje må den som er ansvarleg for tiltaket utbeide relevant dokumentasjon, eller få nokon med rett kompetanse til å utarbeide slik dokumentasjon.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

Plan og forvaltning, Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
faggruppekoordinator

Tone Bøyum  
senioringeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*

Kopi  
Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 ISDALSTØ